



Jostein Hellestveit  
Mongstadvegen 667  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2225 - 17/25390

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2017

## Gbnr 122/2 Hellestveit. Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Avslag.

### Dokument:

Søknad om tilskot, motteke 03.06.2016.  
Kostnadsoverslag og kart.

### Søknaden:

Det vert søkt om pengar til inngjerding og rydding av utmark. Tiltaket er for å kunne utvida beitesesongen til sau i kombinasjon med tilleggsforing.

Det går fram av kartet at tiltaket skal utførast på gbnr.121/2. Dette er ein mindre landbrukseigedom som i dag er nytta til fritidsfremål. I følgje gårdskartet har eigedommen om lag 7da innmarksareal i alt. Desse er ikkje i drift.

Arealet som skal gjerdast inn og nyttast til beite er om lag 60da. I kartet er området synt som jorddekt fastmark og myr. I dei gamle karta er området klassifisert som innmarksbeite og myr.

Tiltaket ligg og på 121/6. Denne eigedommen er i drift av eigaren som har om lag 30 vinterfora sau. Areal som skal nyttast til beite i det omsøkte SMIL-tiltaket, er om lag 80da jorddekt fastmark, 30da skrin fastmark og 30da myr. Noko areal har preg av skog og området er i attgroing. Dei gamle karta syner areala klassifisert som beite og delvis overflatedyrka jord.

### Vurdering:

Søker har ikkje leigekontrakt på areala og heile arealet som ligg i tiltaket er i gjeldande plan sett av til industrifremål.

Søker driv stort og er bonde på heiltid.

Det ville vore bra om desse storemyrane som tiltaket er ein del av, kunne nyttast til beite. Areal er truleg for ein stor del lynghei, og varetaking av slik naturtype er eit nasjonalt mål. Men når området alt i mange år har vore sett av til planfremål industri og næring, har området etter kvart gått ut av bruk. Perspektivet for når det vert bygd ut er langsiktig. Gjerding og rydding med statlege middel er ikkje aktuelt så lenge området ikkje er LNF.

### Vedtak:



Med heimel i forskrift om tiltak til spesielle miljøtiltak i landbruket §8, finn Lindås kommune at det ikkje er grunnlag for å løyve tilskot til det omsøkte tiltaket.  
Søknaden vert avslått. Grunngeving går fram av saksutgreiinga.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen innan tre veker frå ein får kunnskap om vedtaket. Kommunen vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jostein Hellestveit

Mongstadvegen 5955  
667

LINDÅS